



Vatnet i Eikeelva kjem truleg til å tena fleire føremål

Kombinasjonen av vassverk og kraftverk i Eikedalen er akseptabel. Kraftproduksjonen vil ikkje føre til mindre vatn for vassverket,

Det understreka dagleg leiar for Vannplan Trond Lohne då han ikveld presenterte ein konsekvensanalyse på eit vassverkmøte i Gamleskulen. Det er 7 grunneigarar som står bak prosjektet og dei har engasjert Clemens Elvekraft som utbyggjar. Kostnaden er berekna til 25 millionar og under møtet vart 2017 trukke fram som eit mogeleg fyrste driftsår.



Trond Lohne legg fram analysen

Kraftverkplanen i Eikedalen går ut på at det vert lagt ein inntaksdam 900 meter overfor det noverande inntaket til vassverket. Turbinleidningen vert lagt frå dammen og ned til turbinen ved fylkesvegen. Det vert kraftproduksjon berre når det er vassføring over dam på minst 60 liter i sekundet - altså berre når det er meir enn nok vatn til alle. Uttaket av drikkevattnet skjer som ein avgreining frå tubinleidningen. I sin oversikt over konsekvensane peika Lohne på at tilrenningen til det nye daminntaket vil verta mindre enn det er idag lenger nede. Difor kan det vera aktuelt å nytta reserveinntaket oftare. Vasskvaliteten i det nye inntaket vil truleg vera noko betre og tryggare enn inntaket i dag og det vert også enklare og meir stabil drift utan ising og med permanent system for uttak frå reserveinntaket.

NVE har i samband med konsesjonshandsaminga gjort det klårt at dei ikkje kjem vidare med denne saka før ei utgreining av konsekvensane ligg på bordet. Vassverket kjem til å stilla ei rekkje strenge krav, - ikkje minst i anleggsfasen som truleg vert den største utfordringa., til dømes at arbeidet skjer i ei tid på året når det provisoriske inntaket har nok vatn.

I driftsfasen må det stillast krav om samme vassmengde som i dag, at auka kostnader skal kompenseras, at kraftselskapet bidreg til å auke volumet i reserveinntaket og at ny reintvassleidning ned til fjorden vert lagt i same grøft som turbinleidningen.

Vassverkleiar Hans Reidar Kjærland såg optimistisk på eit mogeleg samarbeid mellom vassverk og kraftverk og varsla snarleg kontakt om utarbeiding av ei avtale.

Som den største vassforbrukar uttrykte Marit Hjønnvåg tilfredsheit over det skisserte opplegget: -Vatnet er det viktigaste vi har og det er bra at det er eit så ryddig og positivt samarbeid for framtidig bruk. Men det er nok mange fallgruver før målet er nådd.

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen